

OSLOPAKKE 3:

Samferdselspakke for framtida

Ei storsatsing må til for å bygge ut vegsystemet og kollektivtilbodet i Oslo-området. Eg har difor i alle samanhengar gitt mykje ros til lokalpolitikarane i Oslo og Akershus fordi ein har klart å kome fram til eit breitt kompromiss om Oslopakke 3.

Mitt bidrag så langt har vore å sikre best mogeleg framdrift i prosessen. Eit lovforslag som gjer det mogeleg å bruke bompenegar til drift av kollektivtransport

er, i tråd med lokale ønske, lagt fram for Stortinget i ekspressfart. Behandlinga av Oslopakke 3 er

delt i to, slik at innkrevinga av auka bompenegar kan starte så raskt som mogeleg, slik eit politisk fleirtal frå Frp til SV lokalt ønskjer. Den faglege kvalitets-sikringa av dei tiltaka som pakka skal finansiere, er omfatta av fase to. Etter planen skal fase to leggjast fram i desember, samtidig med at regjeringa legg fram

stortingsmeldinga om Nasjonal transportplan.

Eg opplever at eg har hatt ein god dialog med lokale styresmakter heile vegen, og set stor pris på den ros Vegdirektoratet og Samferdselsdepartementet har fått for den måten ein har handtert prosessen på.

Gjennom Oslopakke 3 skal ein gjennomføre dei viktigaste samferdselsgrepa for Osloregionen i dei neste 20 åra. Over 50 mil-

liardar kroner skal brukast. Her i landet finst det ikkje andre

samferdselspakker eller utbyggingstiltak som på nokon måte kan måle seg med Oslopakke 3. Kjøprising eller rushstidsavgift er noko som jamleg dukkar opp i det offentlege ordsiftet. Lat meg nok ein gong presisere dette: Det er opp til lokale styresmakter å seie ja eller nei til eit slikt tiltak. Eg har ikkje

noko ønske om å overstyre dei

lokale styresmaktene på dette området. Dersom lokalpolitikarane – på eit tidspunkt – skulle komme fram til at dei ønskjer

å gjere forsøk med kjøprising, skal vi frå sentralt hald stille opp på ein konstruktiv måte, slik vi hittil har gjort for å få realisert Oslopakke 3 så raskt som mogeleg.

LIV SIGNE NAVARSETTE,
samferdselsminister (Sp)